



TIME KOMMUNE

Postboks 38

4349 BRYNE

Kontakt saksbehandlar

Helene Medhus Skedsmo, 51568821

Uttale - høyring og offentlig ettersyn - kommuneplan - Time - kommunal planstrategi 2023 - 2027

Me syner til høyringsbrev av 05.07.2024. Statsforvaltaren har fått forlenga frist til 06.09.2024.

Time kommune har send på høyring førebels utkast til planstrategi for 2023-2027. Det vert tilrådd at kommuneplanen skal reviderast i avgrensa omfang, kor det særleg blir sett på hushaldering (utbygging i tid) for område som i dag ikkje er bygde ut, men avsett til utbygging. Temaplanar som er utarbeidd sidan førre revidering skal innarbeidast i ny kommuneplan. Det er tilrådd at hovudmål i gjeldande samfunnsdel (vedteken september 2022) ligg fast, men at revisjonen kan gi justeringar.

Av nye nasjonale føringar vil me særleg trekke fram følgande:

- nye Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027
- ny nasjonal jordvernstrategi og revidert regionalt jordvernmål
- forpliktingar i den nye Naturavtalen
- endring av klimamåla for 2030 i § 3 i klimaloven
- ny barnevernslov
- den tryggingpolitiska utviklinga i Europa inneber større forventningar til heilskapleg planlegging som også sikrar totalberedskapen
- ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadpolitiske feltet.

I tillegg er det komme nye rettleiarar frå Regjeringa for planlegging av arealbruk, m.a. for planlegging av LNF-spreidd og fritidsbustad.

I det vidare har me meir konkrete innspel til vurderingar innan våre sektoransvarsområde.

Høyringsdokument

Dokumentet er oversiktleg og greitt å lese. Det tek innleiingsvis føre seg nasjonale føringar og erfaringar med gjeldande planstrategi. Det blir presentert eit utfordringsbilete for Time kommune før det blir ein gjennomgang av planbehovet i perioden 2024 – 2027. Det er oversiktleg samanfatta under kvart tema (arealplan, landbruk, samfunnstryggleik, oppvekst/levkår mv) kva planar det er trong for å revidere. Det er god kopling til FN sine berekraftmål gjennom heile dokumentet.



Lovgrunnlag

Å vedta kommunal planstrategi er ei lovpålagt oppgåve med heimel i plan- og bygningslova § 10-1 som lyd slik:

«Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i planperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.»

I dei nye [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) av 20.07.2023, kjem Regjeringa sine forventningar til kommunane si planlegging for å ta i vare klima, miljø og jordvern mv. fram. Regjeringa forventar at kommunane prioriterer arbeidet med planstrategiar for å sikre at planane er oppdaterte og møter behova som følgjer av endringar i samfunnsmessige, demografiske, politiske og naturgitte forhold.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunal planstrategi er først og fremst eit strategisk dokument for kommunen og skal vere førande for kommunen sine prioriteringar av planarbeidet i den komande valperioden. Utarbeiding av planstrategien skal ta utgangspunkt i kommunen sitt behov basert på ei lokal vurdering, men strategien skal og gi grunnlag for å vareta nasjonale og regionale interesser i den kommunale planlegginga.

Med bakgrunn i våre sektorinteresser har me følgjande merknadar til det oversendte forslaget:

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er i dag ein viktig del av kommunen si verksemd. Interkommunalt samarbeid kan omfatte alt frå utføring av tenester, faglege nettverk for informasjonsutveksling og kompetanseheving, til politiske samarbeidsorgan for ein region m.m. Det er lagt til rette i kommune-lova for samarbeid mellom kommunar både når det gjeld driftsoppgåver og myndighetsoppgåver. Kommunen kan gjennom arbeidet med planstrategien og kommuneplanen legge opp til ein systematisk gjennomgang av om det er område i kommunen der ytterlegare samarbeid, eller nye samarbeidsformer, med andre kommunar eller andre kan vere naudsynt for å levere god kvalitet på lovpålagte tenester, oppnå effektiviseringsgevinstar og sikre eit berekraftig velferdssamfunn inn i framtida.

Det er positivt at kommunen samarbeider med nabokommunane om til dømes vassdragsforvaltning (Hå- og Orrevassdraget) og med ein felles næringsstrategi (Klepp, Time og Hå). Dette vil og vere aktuelt i arbeidet med til dømes Strategiplan oppvekst og Strategiplan omsorg.

Folkehelse

Arbeidet med planstrategi skal bygge på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag. § 5 i folkehelselova set krav til kommunen om å ha naudsynt laupande oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helsa. Kvart fjerde år skal kommunane utarbeida eit samla oversiktsdokument. Oversiktsdokumentet skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin



planstrategi, jf. § 6 i folkehelselova og § 5 i forskrift om oversikt over folkehelsa. Konsekvensar og årsaksforhold skal vere vurdert i oversiktsdokumentet, og trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem skal ha eit særskilt fokus.

Folkehelseutfordringane skal vektleggast i drøfting og vurdering av alle relevante planar for kommunen som samfunn og organisasjon, jf. § 3-1 f i plan og bygningslova. Dersom oversiktsdokumentet viser at kommunen har folkehelseutfordringar på eitt eller fleire område, men ikkje har mål, tiltak og strategiar for å løyse dette i eksisterande planar, eller ser at noverande planar ikkje er gode nok, bør dette drøftast i arbeidet med planstrategien. På denne måten vil ein sikre ei overordna koordinering av den tverrfaglege og tverrsektorielle innsatsen som må til for å følgje opp identifiserte folkehelseutfordringar.

Statsforvaltaren ser at Time kommune har utarbeidd oversiktsdokument som viser utfordringar og styrker i befolkninga si helsetilstand, og at oversikten blir brukt som grunnlag for planstrategien. Me oppfordrar kommunen til å lage gode system for å følgje med på utfordringane som er identifisert.

Statsforvaltaren vil utover dette trekke frem lovendingar knyta til barnevernsreforma og kommunen sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Me ønsker og å sette fokus på rekrutterings- og kompetanseplanlegging i helse- og omsorgstenestene.

Barnevernsreforma flyttar meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet. Reforma skal bidra til å styrke det forebyggjande arbeidet med tidleg- og tverrsektoriell innsats. § 5-1 i ny lov om barnevern, pålegg kommunane å utarbeide planar for arbeid med å forebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem. Planen skal vedtakast av kommunestyret og kan sjåast på som ein av grunnsteinane i kommunen sitt arbeid med barnevernsreforma. Me merkar oss at Time kommune var tidleg ute med å utarbeide ein slik plan, og at planen skal reviderast i planperioden. Me oppfordrar kommunen til å fortsette å halde fokus på, og vidareutvikle, forebyggjande arbeid retta mot utsette barn og unge.

§ 5 i ny lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet, pålegg kommunen å ha oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Tilpassa bustader er bustader med hjelpe- og vernetiltak for dei som treng det på grunn av alder, funksjonsnedsetjing, rus- og/eller psykiske plagar eller andre årsaker. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi etter § 10-1 i plan- og bygningslova. Ei drøfting av kommunen sitt bustadsosiale arbeid bør inngå i planstrategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan og bygningslova kapittel 11, fastsette overordna mål og strategiar for det bustadsosiale arbeidet. Måla og strategiane skal vere eigna til å møte dei utfordringane kommunen står ovanfor. Utgangspunktet skal vere oversikten etter § 5 i den nye loven. § 10 i den nye lova om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet er ei overgangsføresegn som seier at krava til planstrategi og kommuneplan etter § 5 skal være oppfylt seinast fire år etter at lova trer i kraft.

Statsforvaltaren har i oppdrag å støtte og rettleie kommunane i deira arbeid med strategisk kompetanseutvikling i helse- og omsorgstenestene. Rekrutterings- og kompetanseplanlegging skal tas godt i vare i kommunane si samfunnsplanlegging. Me anbefaler at kommunane utarbeider skriftlege, politisk vedtekne planar for å sikre kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene. Demografiutfordringar og berekraft bør være tema i planane. Det er positivt at kommunen adresserer problemstillinga i Strategiplan Helse og velferd, og at det blir planlagt revisjon av denne.



FN-konvensjonen for menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) skal leggast til grunn i alt arbeid i kommunen som råkar personar med funksjonsnedsetting. Dette betyr innan dei fleste av kommunen sine tenester og ansvarsområde. Å bygga opp kompetansen om CRPD, og om det praktiske arbeidet som må til for å oppfylle rettane til personar med funksjonsnedsetting, krev eit eige fokus i kommunen.

I utkast til planstrategi står det ikkje noko om kommunen sitt arbeid med CRPD. Å få CRPD med som eit prioritert område i overordna planar, til dømes kommuneplanen sin samfunnsdel og areal- og bustadstrategi, vil sikre naudsynt forankring og betre moglegheiter til å lykkast med arbeidet. Kommunen skal og revidere Strategiplan oppvekst, Strategiplan omsorg og Plan for mangfald og inkludering, der CRPD er særleg relevant. Personar som møter ulike barrierar for deltaking og inkludering i samfunnet på grunn av funksjonshindringar, utgjer ein stor del av kommunen sine innbyggjarar. Desse bør difor vere godt representert i medverkingsprosessane knytt til alle planar. Planstrategien bør difor adressere kvar arbeidet med CRPD skal tas inn i kommunen sitt planverk.

Utdanning

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, blir det trekt fram at det vil bli utfordrande å nå målet om mindre ulikskap. Utdanning er heilt sentralt for å utjamne forskjellar og hindre utanforskap, og då kravs barnehagar og skular med høg kvalitet. Dei nasjonale forventningane trekk og fram viktigeita av å tidleg vurdere lokalisering og arealbehov for nye skular og barnehagar.

Time har ein *Strategiplan for oppvekst* som skal reviderast mot slutten av perioden. Gjeldande plan har satsingar som trygge foreldre, tidleg innsats, digitalisering og rekruttering. På kommunen sine heimesider ligg det ein *Kvalitetsplan for SFO*, men ikkje kvalitetsplanar for barnehage og grunnskule. Dersom Strategiplanen er meint å vere kvalitetsplan for barnehage og grunnskule, bør den blir meir retta mot innhaldet i skule og barnehage, eller så bør det vurderast om kommunen skal utarbeide slike kvalitetsplanar. Dersom kommunen allereie har kvalitetsplanar, bør dei synleggjerast på heimesidene.

Plan for mangfald og inkludering skal og reviderast i planperioden, jf. kapittel 4.7. Denne er ikkje på lista over planar som skal reviderast i kap. 5, og bør leggast til her. I planstrategien står det at planen er avgrensa til å gjelde flykningar. Statsforvaltaren antar at dette er feil, og at også andre grupper av innvandrarar (som familie- og arbeidsinnvandrarar) er omfatta av mangfalds- og integreringsplanen. I tillegg er det naturleg at CRPD kjem inn i ein slik plan.

Økonomisk handlingsrom

Kommunen har i dag eit større økonomisk handlingsrom, men står ovanfor betydelege økonomiske utfordringar i framtida. Kommunen har eit stort og aukande meirforbruk i tenesteproduksjonen, eit høgt investeringsnivå og aukande rentebelasting, men kommunen har hatt overskot i ei årrekke (litt under TBU norm i 2023) og har hatt ei god auke i frie inntekter per innbyggjar.

Arealbruk

I nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, er det tydeleg kommunisert at kommunane må vurdere arealbruken opp mot viktige omsyn som jordvern, naturvern, klimaendringar og klimagassutslepp, jf. mellom anna pkt. 45, 47, 53, 66 og 69. I pkt. 47 står det at kommunane ved revidering av kommuneplanen sin arealdel skal vurdere om tidlegare godkjent arealbruk skal endrast av omsyn til klima, naturmangfald, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnstryggleik og eit hensiktsmessig utbyggingsmønster.



Moglegheitene for fortetting, gjenbruk og transformasjon av allereie utbygde areal bør tas i bruk, før jordbruksareal, viktige natur- og friluftstarealer og karbonrike areal som myr, skog og anna næringsrik jord blir omdisponert. Planstrategien bør difor og gjennomgå arealbruk og arealpolitikk i kommunen, og sørge for at desse samanfell med viktige klima- og miljøomsyn.

Time kommune legg opp til ein mindre revisjon av arealdelen, der særleg fokus på «hushaldering» av utbyggingsområde i form av at tidsfasing/rekkefølgekrev får fokus. Det kjem fram av kap. 2.1 at det i samband med Areal- og fortettingsstrategien, som var revidert i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel i 2022, er vurdert at alle område avsett til utbygging bidreg til å nå mål regionalplanen. Basert på dette, samt eit ønskje om å vere føreseieleg, ønskjer ikkje kommunen å ta ut areal eller rokke ved langsiktig grense for landbruk.

Det er adressert i kap. 4.2 at det vil bli sett på tidsfasing og rekkefølgekrev for dei ulike utbyggingsområda og mindre revidering av areal- og fortettingsstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og kommuneplanen sin arealdel. Statsforvaltaren vil kome med meir detaljerte tilbakemeldingar til desse prosessane når dei kjem i gong.

Det er elles gjort ei vurdering av at det vil vere meir hensiktsmessig med ein eigen kommunedelplan for områda Re-Svertingstad og Håland, framføre fleire områdeplanar med krav om felles planlegging, jf. kap. 4.3. Det kan vere positivt at kommunen tek ansvar for å utarbeide ein kommunedelplan for området for å sjå areala i ein større samanheng. Samstundes vil ein kommunedelplan måtte følgjast opp med nærare plankrav, anten områdeplan eller detaljregulering i etterkant. Det er viktig å vere klar over, all den tid det er ulike saker til behandling i området jamt og trutt, at det blir viktig med fokus og framdrift på ein slik plan. Statsforvaltaren vil kome med innspel i tråd med dei prosessane det er for slike planar etter plan- og bygningslova, og me rår til god dialog med statlege og regionale styresmaktar i eit slik planarbeid. Me minner elles om dei prosessar og avklaringar som allereie har funne stad i området, til dømes tidlegare motsegn i samband med detaljhandel på Håland og kommunestyret sitt vedtak om å tilbakeføre areal ved Re/Svertingstad til LNF-føremål.

Me syner og til rettleiar for [Planlegging for spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder](#) frå mai 2020. Fleire kommunar i Rogaland har ved revisjon av kommuneplanen sin no hatt ein gjennomgang og endring av måten å framstille eksisterande spreidde tiltak (bustad og fritidsbustad) i LNF-områda i tråd med rettleiaren. Me syner i denne samanheng til det arbeidet Suldal kommune og Klepp kommune gjorde i sin kommuneplanrevisjon i 2022/23 som to døme. Time kommune bør og vurdere å gjere dette, jf. og presisering frå Kommunal- og distriktsdepartementet i eit brev til Statsforvaltaren om tematikken som er omtala i [denne](#) saka på vår nettstad.

Landbruk

Me syner til at Stortinget den 16.06.2023 vedtok ny, [nasjonal jordvernstrategi](#), kor det nasjonale målet for omdisponering av landbruksjord er redusert til maksimalt 2000 dekar dyrka jord i året. Det inneber at alle kommunar må ha fokus på å unngå omdisponering, og vurdere tilbakeføring av areal som ligg i kommuneplanen og som over tid ikkje har vore regulert eller ikkje tilfredsstillar viktige mål innanfor samordna areal- og transportplanlegging, effektiv utnytting, omsyn til jordvern og natur mv. Det finst mykje rettleiingsmateriell på Kommunal- og distriktsdepartementet sin nettstad, mellom anna temaside om Regional- og distriktpolitikk og Planlegging etter plan- og bygningslova. Me viser elles til Rogaland fylkeskommune sin rettleiar «[Arealplanlegging på jærsk](#)», rettleiar til Regionalplan Jæren og Søre Ryfylke (RPJSR) om arealstrategi og jordvernmål, og til [fylkeskommunen sin digitale teneste for arealregnskap](#) som gode verktøy.



Time kommune sette i Areal- og fortettingsstrategien 2022-2050 eit jordvernmål på 45 dekar årleg. I Utfordringsbildet for Arealbruk i kap. 2 i planstrategien blir det peika på at dette jordvernmålet, i lys av nytt nasjonalt jordvernmål i 2023, må endrast til 15-17 dekar pr år. Me støttar ei innskjerping av det kommunale jordvernmålet. Nytt regelverk for husdyrgjødsel vil skjerpe arealkravet i husdyrhaldet og potensialet for nydyrking er avgrensa. Vern av dyrkajord er òg viktig for landet sin eigenberedskap. Planlegginga skal leggje til rette for at me kan vere meir sjølvforsynte med mat. Jæren, inkludert Time kommune, fungerer på mange måtar som Norge sitt matfat, og er spesielt viktig i denne samanhengen. Me bør difor ta vare på dei jordressursane som finst og sjå til at dei vert drifta.

Det går fram av planstrategien at Time vil revidere sin gjeldande landbruksplan (vedteke i 2017) innan 2026, og at det ideelt sett skulle skjedd som ein felles plan for Klepp, Time og Hå. Hå og Klepp har derimot nyleg revidert sine landbruksplanar. Det har skjedd endringar sidan 2017, og er på trappene nye endringar til dømes innanfor gjødselvareregelverket, som gjer det naudsynt å revidere landbruksplanen. Vidare kan det vere ein fin arena å adresserer andre utfordringar, til dømes massehandtering, nydyrking, vassdrag, bruksrasjonaliseringar mv. Time kommune kan gjerne sjå til dei prosessane nabokommunane nyleg har vore gjennom med sine landbruksplanar og dei tilbake meldingane høyringsinstansane kom med til desse.

Når det gjeld utviklingstrekk og utfordringar innanfor landbrukssektoren i Time er kommunen kjent med fleire av desse, og me syner til dømes til funn i spørjeundersøkinga «[Framtidsutsikter for landbruket i Rogaland](#)» og anna statistikk som kunnskapsgrunnlag for å gripe fatt i tematikken. NIBIO skal lage ein ny, oppdatert [verdiskapingsrapport for jordbruket](#) i Rogaland som vil være klar til hausten, denne kan kommunen dra nytte av. Me syner og til dei innspela me ga i samband med oppstart av felles næringsstrategi for kommunane Hå, Time og Klepp, der landbruk og matproduksjon er eit av tre satsingsområde.

Natur og klima

Kommunane si arealplanlegging er avgjerande for at Noreg skal kunne redusera utsleppa i arealbrukssektoren fram mot 2030, og for ivaretaking av natur. [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) (SPR-klima) seier at kommunen i sin planstrategi skal «*omtale behovet for oppdatering av eksisterende eller utarbeiding av nye planer, i lys av forventede klimaendringer og tidlige uønskede naturhendelser. I planstrategien skal det gjøres en vurdering av om hensynet til et endret klima innebærer et behov for oppheving eller revisjon av gjeldende planer.*» Retningslina må sjåast i saman med klimalova, og særleg lova si § 3, klimamål for 2030, som vart oppdatert hausten 2022 til å vere «*reducere klimagassutslippene med minst 55 % innen 2030*» samanlikna med 1990. Føremålet med SPR-klima er å sikre at kommunane prioriterer arbeid med å redusera klimagassutslipp, legge om til miljøvenleg energi, og ivareta klimatilpassing i planlegging. Dette skal gjerast gjennom «*bruk av et bredt spekter av kommunens roller og virkemiddel.*» Utsleppsreduksjon, energiomlegging og klimatilpassing er viktige og sektorovergripande satsingsområde som bør være eit tema i kommunen sitt overordna planverk.

Kommunen har eit ansvar for å avgrensa sine klimagassutslipp, både som organisasjon og som kommune. Når denne planstrategien skal erstattast, vil det vere ca. 2 år til målsetninga om minst 55 % utsleppskutt samanlikna med 1990 skal vere nådd. Det er derfor klare forventningar om at planperioden me no går inn i nyttast til å legge kortsiktige og langsiktige planar for permanente klimagassutslppsreduksjonar, og at kommunen sitt planverk vert oppdatert i høve til klimalova sine målsetningar, statlege planretningslinjer og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Det er positivt at Time kommune syner å ha fokus på dette.



Time kommune har nyleg vedteke Klima- og miljøplan 2023-2033. Dette er ein temaplan, utarbeidd med prosess og medverknad som ein kommunedelplan, med tilhøyrande handlingsplan som er kopla mot økonomiplan og årsrapport. Planstrategien legg opp til å revidere handlingsdelen i planperioden, og arbeide for eit overordna system for klimabudsjett og klimarekneskap. Klima- og miljøplanen tek føre seg både utsleppsreduksjon og klimatilpassing.

I Noreg har me eit mål om at ingen artar eller naturtypar skal forsvinne, og at me skal verne ein representativ del av den norske naturen for framtidige generasjonar. Dette har og blitt meir aktuelt etter at Noreg, saman med 195 andre land, skreiv under på Naturavtalen i Montreal i 2022. Her er eit av måla å verne 30 % av all natur på land og i vann innan 2030. FN har vidare erklært 2021-2030 som tiåret for restaurering av natur. Restaurering av økosystem har som mål å forhindre, stoppe og reversere svekkinga av økosystem på alle kontinent og i alle hav. Den nye naturavtalen peikar på kor viktig det no er å restaurere meir natur, og har satt som mål å restaurere 30 % av dei forringa økosystema innan 2030. Naturavtalen sine målsetningar legg og føringar for kommunane i Rogaland. Me anbefalar at kommunane legg opp til at naturavtalen sine målsetningar om vern og restaurering kan nås i kvar kommune, eller at det vert samarbeidd på tvers av kommunegrensar for ei heilskapleg måloppnåing. Time kommune har sett i gang eit arbeid med å laga ein eigen Naturplan. Arbeidet vart sett i gang samstundes med arbeidet med Klima- og miljøplanen. Kommunen har allereie fått støtte frå Miljødirektoratet for arbeidet, og planen er venta å bli vedteken i løpet av 2024.

Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for naturen er eit viktig grunnlag for planlegginga, og planprosessane kan bidra til å identifisere viktig naturmangfald, økologiske samanhengar og viktige funksjonsområde på land og i sjø. Eit systematisk arbeid med naturmangfald i planlegginga vil bidra til langsiktig ivaretaking av verdifulle naturområde, og kan avdekke behovet for meir kunnskap. Det er positivt at Time kommune alt er i gang med eit slikt arbeid. Det er også positivt at det er fokus på vassdraga. Kommunen har samarbeid med nabokommunane om tiltaksplanar for verna vassdrag. Tiltaksplan for Håelva er alt utarbeidd, og no står Orre-vassdraget, i samarbeid med Klepp kommune, for tur. Denne tiltaksplanen er venta ferdig i 2024. Det er viktig at kommunen følgjer opp tiltaka.

Samfunnstryggleik og beredskap

Førebyggjande samfunnstryggleik blir stadig viktigare, og gode kunnskapsgrunnlag og planverk er grunnlaget for dette. Ifølgje § 2 i [forskrift om kommunal beredskapslikt](#) skal kommunane lage ei heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (H-ROS). På bakgrunn av denne analysen skal kommunen utarbeide langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og ein plan for oppfølging av arbeidet. Analysen skal liggje til grunn for arbeidet med planar og prosessar etter plan- og bygningslova, jf. § 3 i forskrifta. Samanhengen mellom H-ROS, beredskapsplan og fagberedskapsplanar vert påpeikt i plan-strategien, og det er bra at dette vert gjort i rett rekkefølge. Me vil minne om viktigheita av at analysen òg vert følgt opp i kommuneplanen, relevante reguleringsplanar og planar som omhandlar klimatilpassing. Analysen bør oppdaterast kvart fjerde år, i samband med utarbeiding av planstrategi og ny kommunestyreperiode.

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging legg større vekt på å ta omsyn til klimaendringar og naturfare innan samfunns-tryggleik og beredskap. Det same gjeld viktigheita av å ta vare på samanhengande naturområde og landbruksområde i eit beredskapsperspektiv. Regjeringa forventar at kommunane bidreg til ei robust kraftforsyning, trygg drikkevassforsyning og avløp.



Det er flott at kommunen har starta eit forprosjekt på å finne ei løysing på problema med flaum og erosjon i Roslandsåna nedanfor Bryne, men me vil òg påpeike at det er viktig å sjå på korleis vassdraga påverkar kvarandre, og korleis det påverkar flaumfaren i Bryne sentrum.

Slik samfunnet utviklar seg, er det òg viktig å minimere konfliktpotensialet mellom kritisk infrastruktur og nye næringsområde, og anlegg som kan påverke risikobiletet for området. Det er òg viktig å sjå på korleis risikobiletet blir endra som følge av det grøne skiftet; som aukande kraftproduksjon og bruk av alternative energikjelder, ny teknologi og kva endra eller nye sårbarheiter dette kan føre til.

Omsyn til Forsvaret har tradisjonelt ikkje vore forventa i plansamanheng, men dagens tryggingssituasjon gjer at det må leggjast meir vekt på vurderingar i forhold til totalforsvaret òg i plansamanheng. Dette gjeld både Forsvaret sine egne areal, kva dei treng av nye areal i framtida, og kritisk infrastruktur dei er avhengige av for å kunne forsvare landet. Totalberedskap og samfunnstryggleik er eit nasjonalt satsingsområde, og det er difor behov for å innlemme samfunnstryggleik på ein tydelegare og meir forpliktande måte i planstrategien og planprogrammet, og i planarbeidet framover.

Klimarisiko

Det er positivt at klimarisiko vert nemnt i planstrategien. Me vil peike på Klimarisikoutvalet si skildring av søksmålsrisiko. Dette er risiko som vil vere relevant for fleire kommunar etter kvart som klimaendringane fører til skade på eigedom som ikkje er godt nok klimatilpassa. Klimarisiko kan gjerne sjåast i samheng med naturrisiko som er utgreidd i NOU 2024:2. Det skal vise risikoen forbunde med tap og forverring av natur, for både enkeltaktørar og for samfunnet. Kommunane må sjå heilskapleg på dei ulike risikoane forbundne med endringane i arealbruk og minkande natur, og dei ulike aspekta ved klimarisiko bør innarbeidast i H-ROS.

Me vil og minne om nyleg reviderte [FylkesROS 2023-2026](#), der kommunen finn mykje informasjon om risiko og sårbarheit innan ulike tema i fylket.

Generell tilbakemelding

Det er ikkje heilt samsvar mellom alle dei planbehova som blir adressert i det einskilde underkapittel i kap. 4 og det samla oversiktsdokumentet i kap. 5. Til dømes er det nemnd at landbruksplanen skal reviderast, men det kjem ikkje fram korkje i kap. 5.1 eller 5.2. Det same gjeld Plan for førebyggjande arbeid. Oversikten i kap. 5 bør oppdaterast så alt blir samla og kjem fram her. I tillegg var det ikkje heilt intuitivt kva som er skilnaden mellom planoppgåvene som er lista i kap. 5.1 kontra 5.2.

Av heilt redaksjonell karakter er det brukt overskrift «Planstrategi 2023 – 2027» og «Planstrategi 2024 – 2027» om ein annan, gjennom heile dokumentet.



Vidare prosess

Det går fram av plan- og bygningslova § 11-13 at det for revisjon av kommuneplan skal utarbeidast eit planprogram, jf. pbl. § 4-1. Dette skal sendast på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker. Me tek atterhald om å kome med meir konkrete innspel til vidare arbeid med revisjon av kommuneplanen når planprogrammet kjem på høyring.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 130
Postboks 5091 Majorstuen

4001 Stavanger
0301 Oslo